



Koret frå Iowa på Bygdetunet Rød i føremiddag.

Dei 30 medlemmene av Ames Children'n Choirs frå Iowa i USA har idag fått læra meir om korleis livet arta seg i vårt land i gamle dagar.

Dei skal ha 2 konsertar i Rosendal, men på føremiddagen i dag fekk dei omvisning på Bygdetunet Rød og opplevde ein skuletime i Haugland gamle skule.



[Iowa-elevar syng i norsk museums-skule](#)

Kultursjef Kristian Bringedal og pensjonert lærar Jorunn Toskedal tok seg av formidlinga.

Koret består av 30 gutar og jenter i alderen 12-17 år og bortimot 40 prosent av dei har meir eller mindre norsk blod i årene sine. Også fleire vaksne som følger med på turen til Norge har sterke slektsband hit.



Mor og dotter Katherine og Sylvia med velkjend reiskap på Rød!

Det gjeld ikkje minst dirigent og grunnleggjar av koret Sylvia Munsen og mora hennar, Katherine Jacobsen Munsen, som bur i Story City 2 norske mil frå Ames.

Oldefaren til Katherine var Ole Dønhaug, som emigerte frå Uskedalen direkte til Iowa i 1860, fortalde ho til uskedalen.no medan ho uttrykte kor begeistra ho var over samlingane på bygdetunet.

-Eit slikt nyttar eg ogmannen min foran kvar jul, når vi skal bake lefse, fortalde ho og plukka fram ei kjevle.

Lufefisk-tradisjonane er framleis høgst levande også i det "norske" Iowa. Sylvia har vore her mange gongar og gjer også ein stor jobb med elevutveksling.

Koret har eksistert i 15 år og feirar det med ein rundtur i Norge frå 10. til 22. juni. Konsertserien deira starta i helga på sjølvaste Troidhaugen og i Bergen domkyrkje. I Rosendal bur ungdommane 3 netter hjå vertsfamiliar og held konsert i kyrkja i kveld og samfunnshuset i morgon føremiddag. Den siste er for skuleelevar. Repertoaret har stor spennvidde - frå Bach og Schumann til Bull og Grieg – og inneheld også mange folkeviser frå fleire land. Og Katherine Munsen vil spela "Sæterjentens søndag" på fiolin! Munsen-familien har og slektsrøter til Bjørnebøle og skal ein tur innom der.

Under skuletimen på Haugland i føremiddag song koret norsk som dei aldri skulle gjort noko anna!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen